

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2015/345**2020/EØS/18/49****av 2. mars 2015**

om endring av vedtak 2009/563/EF, 2009/564/EF, 2009/578/EF og 2010/18/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU og 2011/383/EU med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til visse produkt, skal gjelde for

[meld under nummeret K(2015) 1286]()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 3 bokstav c),

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2009/563/EF⁽²⁾ sluttar å gjelde 30. juni 2015.
- 2) Kommisjonsvedtak 2009/564/EF⁽³⁾ sluttar å gjelde 30. november 2015.
- 3) Kommisjonsvedtak 2009/578/EF⁽⁴⁾ sluttar å gjelde 30. november 2015.
- 4) Kommisjonsvedtak 2010/18/EF⁽⁵⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2015.
- 5) Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU⁽⁶⁾ sluttar å gjelde 28. april 2015.
- 6) Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU⁽⁷⁾ sluttar å gjelde 28. april 2015.
- 7) Kommisjonsavgjerd 2011/382/EU⁽⁸⁾ sluttar å gjelde 24. juni 2015.
- 8) Kommisjonsavgjerd 2011/383/EU⁽⁹⁾ sluttar å gjelde 28. juni 2015.
- 9) Det er gjort ei vurdering av relevansen og nytten av dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/563/EF, 2009/564/EF, 2009/578/EF og 2010/18/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU og 2011/383/EU. Ettersom dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i desse rettsaktene, framleis er under revisjon, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast. Ettersom revisjonen av desse rettsaktene er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/563/EF, skal gjelde for, lengjast til 31. desember 2015, og det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/564/EF, 2009/578/EF og 2010/18/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU og 2011/383/EU, skal gjelde for, bør lengjast til 31. desember 2016.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 60 av 4.3.2015, s. 39, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 167/2015 av 11. juni 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 69 av 15.12.2016, s. 67.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2009/563/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy (TEU L 196 av 28.7.2009, s. 27).

⁽³⁾ Kommisjonsvedtak 2009/564/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til campingplasstenester (TEU L 196 av 28.7.2009, s. 36).

⁽⁴⁾ Kommisjonsvedtak 2009/578/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til overnattingsstenester (TEU L 198 av 30.7.2009, s. 57).

⁽⁵⁾ Kommisjonsvedtak 2010/18/EF av 26. november 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til gulvbelegg av tre (TEU L 8 av 13.1.2010, s. 32).

⁽⁶⁾ Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel (TEU L 111 av 30.4.2014, s. 22).

⁽⁷⁾ Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 34).

⁽⁸⁾ Kommisjonsbeslutning 2011/382/EU av 24. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til håndoppvaskmidler (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 40).

⁽⁹⁾ Kommisjonsbeslutning 2011/383/EU av 28. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 52).

- 10) Vedtak 2009/563/EF, 2009/564/EF, 2009/578/EF og 2010/18/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU og 2011/383/EU bør difor endrast.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedtak 2009/563/EF skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «fottøy» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2015.»

Artikkel 2

I vedtak 2009/564/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «campingplasstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

Artikkel 3

I vedtak 2009/578/EF skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «overnattingstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

Artikkel 4

I vedtak 2010/18/EF skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

Miljøkriteriene for produktgruppen «gulvbelegg av tre» samt kravene til vurdering og kontroll som er knyttet til disse kriteriene, skal gjelde til 31. desember 2016.»

Artikkel 5

I avgjerd 2011/263/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

Artikkel 6

I avgjerd 2011/264/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2016.»

Artikkel 7

I avgjerd 2011/382/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Kriteriene for produktgruppen «håndoppvaskmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2016.»

Artikkel 8

I avgjerd 2011/383/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Kriteriene for produktgruppen «allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2016.»

Artikkel 9

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 2. mars 2015.

For Kommisjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommisjonen
